

Fra: reidar leiv <rfurelid@yahoo.com>
Sendt: 15. januar 2015 13:35
Til: Postmottak Lindås
Emne: Stormskadd skog.

Lindås kommune v/ SKOGBRUK / Areal-og miljø.

Svar på SMS-melding frå kommunen i dag, 15.01.2015:

Frå Gauseide, gard nr. 182, – bruk nr. 4., kan det meldast om relativt mykje stormskadd skog. Det gjeld vestsida av eigedomen vår. Den som hallar mot Kleivdal. Traktorvegane er fleire stader sperra av tre som ligg på tvers av vegen.

Felles skogsbilveg, som ligg på eigedomen til Terje Kleivdal, er sperra fleire stader av til dels store tre som ligg over vegen.

Det ser og ut til at det er ein del stormskadd skog vidare sørover mot Halsteindalen.

Eg har ikkje sett etter kor det gjekk med skogen sørover frå oss i dalen som munnar ut ved Osterfjorden. Men ettersom den delen ligg slik til at vind frå nord og vest lite kjem til,- reknar eg med at der er skadane mindre,- om det i det heile vart skade der denne gongen.

På bruket til Harald Låstad, nabobruket aust for oss, er det ein del skadar i lia med hall mot vest.

På bruket som Fotland no eig,- er det faktisk registrert berre eitt tre som ligg etter stormen.

Mvh

Reidar Furelid